

Offentleg høyring

## Invitasjon til å kome med høyringsinnspel til Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033

### Regional transportplan for Vestland 2022 – 2033 (RTP)

Fylkesutvalet i Vestland vedtok 01.juni 2021 å sende høyringsutkast til Regional transportplan for Vestland 2022 – 2033 (RTP) på høyring. Planen sendast på høyring i tråd med pbl. §8-3. Fylkeskommunen ber no om innspel til planen. Høyringa er offentleg og alle er velkomne til å kome med innspel til arbeidet.

Du finn all informasjon om høyringa på [høyringssida til RTP](#). Her kan du lese hovuddokumenta, og faglege grunnlag og utgreiingar om tema i planen.

Gje innspel:

- gjennom skjema på nettsida til RTP.
- send e-post til [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no), merk: 2021/21417

Høyringsfrist:

12. september 2021

RTP består av fire dokument, og vi ønskjer innspel til alle fire:

1. Regional transportplan Vestland 2022 – 2033 (hovuddokument)
2. Handlingsprogram til Regional transportplan
3. Strategi for mjuke trafikantar
4. Strategi for berekraftig mobilitet

**Hovuddokumentet** set prinsipielle føringar for samferdselspolitikken i Vestland fylke. I hovuddokumentet finn du hovudmål, delmål for kvart plantema og strategiar som seier korleis vi skal nå måla. Planen har fem plantema; fylkesvegnettet, mobilitet og kollektivtransport, Miljøløftet, finansiering og nasjonale ansvarsområde.

I **handlingsprogrammet til RTP** finn de omtale av kriterium for prioritering og utviklingstiltak. Handlingsprogrammet inneheld ikkje ei liste over investeringar på einskildprosjekt og når dei skal gjennomførast. Ei slik liste vil kome seinare.

**Strategi for mjuke trafikantar** er fylkeskommunen sin strategi for arbeidet med mjuke trafikantar, strategien omtalar fylkeskommunale verkemiddel for å auke talet på mjuke trafikantar. Administrasjonen i Vestland fylkeskommune ønskjer tilbakemelding på 1-2 strekningar langs fylkesveg i kvar kommune som manglar tilrettelegging for mjuke trafikantar og som oppfyller kriteria for prioritering i strategien.

**Strategi for berekraftig mobilitet** er Skyss sitt strategiske styringsdokument som omtalar retning og utvikling for kollektivsystemet, samt korleis Skyss skal fylle den nye rolla som mobilitetsaktør.

På nettsida til planen finn de bakgrunnsnotat og utgreiingar som er utarbeidd i samband med planen. Der vil ein finne meir detaljar om dei einskilde tema.

**Kva ønskjer vi innspel på:**

Vestland fylkeskommune har utarbeidd dette høyringsutkastet til regional transportplan som vi no ønskjer tilbakemeldingar på. Det er viktig å understreke at høyringsutkastet ikkje er å rekne som eit endeleg forslag til plan, men at vi ønskjer tilbakemeldingar på både innhald og korleis vi skal prioritere. Med knappe økonomiske ressursar må vi ha innspel på kva som bør prioriterast opp, men også kva som kan prioriterast ned.

- Fem spørsmål

For at vi best skal kunne bruke dei innspela vi får til å utforme plandokumentet ønskjer vi tilbakemeldingar på følgjande spørsmål:

- Tek planen inn over seg dei store utfordringane i fylket i tilstrekkeleg grad?
- Er målsettingane riktige med tanke på dei utfordringane vi har i fylket?
- Er det god samanheng mellom mål og strategiar?
- Er dei riktige kriteria for prioritering lagt til grunn? Kva kriterium bør eventuelt endrast?
- Er det andre utviklingstiltak som bør inn i handlingsprogrammet til RTP?

Det blir opne høyringsmøte i månadsskiftet august/september der alle vert invitert til å legge fram sine innspel til planen. Meir informasjon om tid og stad kjem i løpet av kort tid.

Med helsing

**Torill Klinker**  
seksjonssjef

**Eva Margaretha Ørmen Vinjevoll**  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*